



Branninstruks for leigetakarar

Side 1/2

Kyrkja har automatisk brannalarm. Oppdagar du brann skal du løyse ut ein manuell meldar. På den måten varslar du alle i kyrkja. Sjølv om brannalarmmanlegget har direktevarsling til brannvesenet skal brannvesenet alltid kontaktast på **telefon 110** om det brenn. Det er brannansvarleg (kyrkjetenar) sitt ansvar å ringja brannvesenet, men det er betre at fleire gjer det enn at ingen gjer det.

Manuelt sløkkeutstyr er utplassert i kyrkja.

Rømingsvegane skal være frie for rot, søppel og liknande. Det skal være fri tilgang til alle trapper og gangar. Dør i rømingsveg skal ikkje haldast i open stilling med kiler, krakkar, stolar og liknande. Dørpumper skal ikkje hektast av eller fjernast. Midtgangen skal vera fri.

FØR ARRANGEMENTET/KONSERTEN STARTAR

Du skal gjere deg kjent med dette før konsertstart:

- Kvar rømingsvegane er.
- Kvar dei manuelle meldarane er.
- Kvar brannslokkarane og brannslangen er plassert.
- Korleis sløkkeutstyret skal brukast.
- MØTEPLASS VED EVAKUERING ER PÅ PLENEN MOT UTTRÅGATA. Sørsida av kyrkja.

VED BRANNALARM

Du skal gjere dette dersom det er brannalarm:

- Hjelp til med evakuering.
- Gå raskaste veg ut av kyrkja til avtalt møteplass.
- Ikkje utset deg sjølv for fare.
- Ikkje gå inn att i kyrkja før brannvernleiar seier frå.

Når brannvaktene møter opp i kyrkja, skal dei skriva under på at dei har lese og godkjent branninstruksen.

Brannvakter skal bruka refleksvesten som dei får utlevert under arrangementet/konserten.

Det er viktig at du lærer deg denne branninstruksen, og at du kjenner innhaldet i branninstruksen som er slått opp på vegg. Det same gjeld rømingsplanar som er sette opp.



Branninstruks for leigetakarar

Side 2/2

Om det brenn:

Ved ein brann skal du gjere følgjande:

Varsle

- Meld frå til alle som er i fare og trykk inn manuell meldar.
- Ring brannvesenet på telefon 110.
- Dersom det er installert alarm som sender brannmelding automatisk til brannvesenet, ring likevel brannvesenet på tlf. 110 for å sikre at meldinga er motteken, informer om kva du veit om brannen og om lag kor mange som er i kyrkja.
- Evakueringshjelparane må gje informasjon om at alle skal ut av kyrkja og at alle skal møtast på avtalt møteplass.
- Alle må melde seg til brannansvarleg på møteplassen.

Redde

- Start evakueringa og syt for at alle kjem seg ut.
- Hjelp brannvesenet med evakueringa om det trengs.

Slukke

- Prøv å slukke med brannslange eller handslukkeapparat, eller å kvele brannen med eit teppe eller liknande. Når brannvesenet er på plass overtar dei sløkkearbeidet.

Rekkefølga av punkta over må du sjølv avgjere ut frå situasjonen. Du må alltid syte for å tilkalle hjelp. Lukk alle dører etter deg, så brann og røyk spreier seg minst mogleg.